



Gratulerer som seriemeister.

J13-laget til Rosendal/Uskedalen sikra seg seriemeisterskap ein kamp før slutt, då dei slo Trio1 5-2 i helga. I siste kampen møter dei Trio2. Dermed er laget seriemeistrar, og dei er klare for sluttspel i kretsmeisterskapet for Hordaland. Der ventar det harde og spennande kampar.

Rosendal/Uskedalen har hatt to lag i J13-klassen, eit 9`ar-lag og eit 7`ar-laget. I utgangspunktet har det vore faste spelarar på kvart lag, men det har veksle noko frå kamp til kamp. Thea Taranger, Hanna Tvilde og Ida Marie Eidsvik har spela fast på laget som no har kvalifisert seg til sluttspel. I tillegg har andre Uskedalsjenter vore med på einskilde kampar. Amalie Hovden Rød spela såleis kampen i helga.

Det var ein svært god kamp der jentene gjekk ut i hundre for å sikra seg seriemeisterskapet. Etter ein kjempespurt i 1.omgang stod det 4 - 0 ved pause. Sluttresultatet vart 5 - 2. Både Thea og Ida Marie scora, Hanna hadde assist, og alle jentene spela godt!

De kan lesa trenar Yngve Guddal sitt fylldige referat på [RT si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Haldis Åkra